



NVE



RAPPORT NR. 25 / 2025

Snøskredulykker og oppsummering av snøskredsesongen 2024/25

SKREVET AV Jostein Aasen

NVE Rapport nr. 25/2025

Snøskredulykker og oppsummering av snøskredsesongen 2024/25

Utgitt av: Noregs vassdrags- og energidirektorat
Redaktør: Rune Verpe Engeset
Forfatter: Jostein Aasen
Omslagsbilde: Fjellside og skredbane over Vassbotnvatnet. Foto: Øystein Uglum Henjum, Norsk luftambulans

ISBN: 978-82-410-2499-3
ISSN: 2704-0305
Saksnummer: 202521637

Samandrag: Rapporten tek for seg snøskredulykker med omkomne og oppsummering av snøskredsesongen i Noreg vinteren 2024/25. Rapporten ser også på utviklinga innan snøskredulykker sidan 2008.

Emneord: Snøskred, snøskredulykker

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Telefon: 22 95 95 95
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Innhaldet kan brukast vidare mot kreditering.

Oktober 2025

Innhold

Forord	5
Samandrag	6
1 Innleiing	7
2 Sesongoppsummering	7
2.1 Vinteren i nord var på plass før sesongstart	8
2.2 Desember: Skredsyklusar og mildvêr	8
2.3 Januar: Stor snøskredfare i femten varslingsregionar	8
2.4 Februar: Lite snø og dødsulykke Østafjells	8
2.5 Mars: Intens skredaktivitet, straumbrot og dødsulykker	9
2.6 April: Mange skred andre påskedag	9
2.7 Mai: Stabil avslutning på sesongen	9
3 Historisk utvikling	9
3.1 Omkomne i snøskred etter år 2008	11
3.2 Skiferdsel og ulykker	12
3.3 Vinteren 2024/25:	12
4 Ulykker vinteren 2024/25	13
4.1 Den 21. februar 2025 – Gaustatoppen, Tinn	14
4.1.1 Oppsummering	14
4.1.2 Regobs og rapport	15
4.1.3 Snøskredvarsel for Vest Telemark 21.2.25	15
4.2 Den 4. Mars 2025 – Hydalen, Hemsedal	16
4.2.1 Oppsummering	16
4.2.2 Regobs og rapport	17
4.2.3 Snøskredvarsel for Hallingdal 4.3.25	17
4.3 Den 16. mars 2025 - Jordalen, Voss	18
4.3.1 Oppsummering	19
4.3.2 Regobs og rapport	19
4.3.3 Snøskredvarsel for Voss 16.3.25	19
4.4 Den 18. mars 2025 –Lyngspollen, Lyngen	20
4.4.1 Oppsummering	20
4.4.2 Regobs	21
4.4.3 Snøskredvarsel for Lyngen 18.3.25	21
5 Oppsummering	22
5.1 Ikkje redningsutstyr	22
5.2 Langvarig redningsaksjon	22
5.3 Lang overlevingstid	22
5.4 Flest ulykker, men minst snø i sør	22
5.5 Kor mykje skal det til før eit skred går?	22
5.6 Kor store skred er farleg?	23
5.7 Terreng og aktivitet	23
5.8 Nordmenn eller utlendingar?	23
5.9 Lite informasjon om hendingane	23

Vedlegg	24
Vedlegg 1 Klassifisering av snøskredterreng (KAST)	24
Vedlegg 2 Snøskredproblem.....	24

Forord

Noreg har ein lang vinter, og over store delar av landet finst det mykje terreng som er bratt nok til at det kan gå snøskred. Skituristar frå heile verda kjem til fjella langs kysten i Nord-Noreg og langs vestlandskysten for å oppleve den unike kombinasjonen av bratte snøkleddde fjell og dei norske fjordane. Også lokalbefolkninga og tilreisande nordmenn ferdast på ski i desse fjella.

Men det er ikkje berre skituristar som utset seg for snøskredfare. Ein treng heller ikkje vere i bratt terreng for å vere utsett for snøskred. Viss skredet startar i ei bratt fjellside over deg, kan det nå langt utover i flatare terreng nedanfor. Mange norske vegar, og også busetnad og infrastruktur, ligg i slikt terreng nedanfor bratte fjellsider.

Ein lyt hugse at det er terrenget ein oppheld seg i og skredforhalda som er avgjerande for om ein utset seg for fare, og ikkje kva aktivitet ein held på med.

Dette er ein samlerapport som tek for seg dei hendingane der folk omkom i snøskred vinteren 2024/25, samt utviklinga gjennom fleire år frå 2008. Årets rapport har også med eit kapittel som oppsummerar skredforhalda sesongen 2024/25.

Rapporten i skriven av Jostein Aasen. Heidi Bache Stranden har skrive kapittel 2 som omhandlar sesongen summert opp. Rapporten er kvalitetssikra av Rune V. Engeset, Emma Julseth Barfod og Markus Landrø.

Oslo, oktober 2025

Hege Hisdal
direktør
Hydrologisk avdeling

Rune V. Engeset
seksjonssjef
Seksjon for bre, is og snø

Dokumentet sendast utan underskrift. Det er godkjend i samsvar med interne rutinar.

Samandrag

Vinteren 2024/25 omkom det 5 personar fordelt på 4 snøskredhendingar i Noreg. Alle 4 hendingane var i forbindelse med friluftaktivitetar.

Dette er færre enn gjennomsnittet dei siste 17 åra som er 6,65 omkomne per år. Det var ingen omkomne på veg eller i bygningar denne vinteren

Det vart registrert 88 skredtekne, 16 av desse var skada.

Det har no vore 5 vintrar på rad utan at nokon har omkome i skred ved snøskuterkøyring i Noreg, og det har vore 4 vintrar utan omkomne ved skavlbrekkulykker.

Alle hendingane var innafor NVE Snøskredvarslinga sin varslings sesong (1. desember – 31. mai) og alle hendingane var innanfor dei ordinære varslingsregionane.

Ei gong i mellom er nordmenn utsett for snøskredhendingar i utlandet. I januar var det ei stor snøskredulykke i Frankrike der 4 nordmenn omkom. Denne rapporten tek berre for seg snøskredhendingar i Noreg (Fastlands Noreg og Svalbard).

1 Innleiing

NVE registrer alle snøskredhendingar med menneske i snøskred som me får kjennskap til. For å gjere dette arbeidet brukar me tal frå Varsom-appen og Regobs. Snøskredvarslarane føl også med på facebooksider som omhandlar ski, topptur og snøskred, og NVE abonnerer på nyhendeovervaking angående snøskred i norske media. Etter nokre hendingar sender involverte inn eit meir detaljert skjema med informasjon om hendinga. Redningsaktørar som har vore med i skredaksjonar har også delt informasjon om hendingar.

Vinteren 2024/25 har me registrert skredhendingar med til saman 88 skredtekne personar. Registreringa av skredtekne starta vinteren 2014/15 og vert regelmessig oppdatert på varsom.no. Alle som vert utsett for ei skredhending eller vert vitne til ei hending vert oppfordra til å dele informasjon om dette ved hjelp av Varsom-appen. Dette gjeld sjølv om ein ikkje vert skada eller må reddast i snøskredet.

[Snøskredulykker i tabell | Varsom.no](#) gjev ein oversikt over alle kjente ulykker og mogelegheit til å sortere desse på faktorar som konsekvens av snøskredet, aktivitet, kva som løyste ut snøskredet, type svakt lag eller geografisk område.

Kjelder brukt i denne rapporten:

- NVE sin oversikt over snøskredulykker
- Rapportar etter ulykker frå:
 - Norges klatreforbund
 - Norges røde kors hjelpekorps
 - Norske Tindevegledere
- Informasjon frå redningsgrupper:
 - Norske alpine redningsgrupper
 - Norges røde kors hjelpekorps
 - Norsk folkehjelp
- Innsendte observasjonar i Varsom-Regobs
- NGI ulykkesrapportar og oversikt.

2 Sesongoppsummering

Fleire periodar med mildvêr og mykje nedbør, stadvis lite snø, vedvarande svake lag og fleire alvorlege skredulykker sette sitt preg på sesongen for NVE og snøskredvarslinga. Her er ei oppsummering av dei viktigaste hendingane i vinter og snøskredfare gjennom vinteren.

2.1 Vinteren i nord var på plass før sesongstart

Vinteren 2024/2025 starta tidleg i Nord-Noreg, der snøen la seg allereie før snøskredvarslinga sin sesongstart 1. desember. Dette vart raskt etterfølgt av mildvêr og regn – ein kombinasjon som skulle prege store delar av landet gjennom heile sesongen.

Den første registrerte skredhendinga i sesongen fann stad i Skjomfjellet i Ofoten, den 24. november, altså før den ordinære varslingssesongen starta.

2.2 Desember: Skredsyklusar og mildvêr

Nord-Noreg opplevde stor snøskredfare (faregrad 4) og den første store skredsyklusen i sesongen 8.–10. desember. Mildvêr og regn førte til våte skred i låglandet, medan snø og kraftig vind bygde opp ustabil snø i fjellet.

Midt i desember vart Sør-Noreg ramma av ein liknande skredsyklus. Julefreden vart også kortvarig, for allereie 1. juledag var det varsel om betydeleg snøskredfare (faregrad 3) i dei aller fleste regionane på fastlandet.

2.3 Januar: Stor snøskredfare i femten varslingsregionar

Året byrja bra i nord med mykje fin laussnø, men det tok ikkje lang tid før vinden kom og etterlet eit vindherja snødekke.

Kraftig vind og uvêr førte også til mykje skredaktivitet i fjellet i Sør-Noreg. Den 6. januar vart 60 meter av snøoverbygget på Bergensbanen rive bort av eit snøskred, noko som førte til fleire dagars stenging av jernbanen.

Den 13. januar vart det sendt ut varsel om stor snøskredfare i heile 15 varslingsregionar. Mildvêr og ekstrem nedbør førte til våte skred, sørpeskred og flaumfare langs Vestlandet og Nordland. Mange vegar både på Vestlandet og i Nord-Noreg var stengd som følgje av snøskred og fare for snøskred. Etter ein ny runde med mildvêr den 15. januar i Nordland, roa vêret og skredfaren seg noko.

Lite snø på Austlandet gav også gode forhold for utvikling av vedvarande svake lag i og på snødekket, og konsekvensane var mellom anna utfordrande forhold for skiferdsel i fjellet: Skredproblemet var i høgaste grad til stades der det var mest naturleg å leggje skisporet. Det var altså lite snø, men der det låg snø var den ofte ustabil. Litt nysnø og vind den 21. – 22. januar laga somme stader flak over kantkorn som var danna på overflata. Denne kombinasjonen var så ustabil at på snøskredvarslinga sin workshop på Finse fekk mange stabilitetstestar forplanting på opp til 10 meter.

2.4 Februar: Lite snø og dødsulykke Østafjells

Mildvêr og lite snø gjorde ferdslar i fjellet utfordrande i fleire regionar tidleg på vinteren. Til vinterferien vart det åtvåra om uvanleg mange opne bekker og elvar i fjellet.

Den 21. februar vart to isklattrarar tekne av eit snøskred ved Gaustatoppen. Redningsarbeidet vart vanskeleg på grunn av tåke, regn og betydeleg skredfare – éin person omkom.

2.5 Mars: Intens skredaktivitet, straumbrot og dødsulykker

Mars starta med kraftig mildvêr og regn i Sør-Noreg. Våte snøskred losna i fjellet og nådde langt ned i dalane, og i fleire tilfelle utvikla dei seg til sørpe-, jord- og flaumskred. Lite snø i lågareliggjande området avgrensa skredstorleikane, men det gjekk skred i svært mange av dei kjende skredløpa i fjellet, og fleire skred nådde låglandet. Les meir om denne flaum- og skredhendinga her: <https://naturhendelser.varsom.no/20250002/oversikt>

Tre dødsulykker prega månaden:

- Den 4. mars: To personar omkom i eit snøskred i Hydalen, Hemsedal.
- Den 16. mars: Ein mann vart funnen omkommen i eit snøskred ved Jordalen, Voss.

Ikkje før hadde det roa seg i sør, så skapte svært mykje nedbør og mykje vind stor snøskredfare i dei nordlegaste regionane og 17. mars det vart nødvendig med fleire evakueringar i Lyngen og Tromsø. Snødekket hadde allereie ein svakt oppbygning, og det gjekk mange store skred.

- Den 18. mars vart eit utanlandsk turfølge på tre personar teke av eit snøskred langs vegen på utsida av Pollfjelltunnelen i Lyngen. Ein omkom, medan dei to andre overlevde.

Under det same uvêret vart 20 000 menneske i Nordland, Troms og Finnmark straumlause etter at eit snøskred førte til at to 30 meter høge høgspenmaster i Skjomen knakk.

I perioden 15. – 23. mars var over 30 fylkes-, riks- og europavegar stengde på grunn av snøskred eller snøskredfare i Troms og Finnmark. E6 ved Langfjorden var stengd i fire døgn, og det gjekk fleire store og svært store skred, også stader der det normalt ikkje går skred.

2.6 April: Mange skred andre påskedag

Påska 2025 var sein og snøfattig austafjells. Ein måtte over 700–900 moh for å finne skiføre, og i regionar som Hallingdal og Vest-Telemark var det svært lite snø under 1000–1200 moh.

Andre påskedag vart den mest skredfarlege dagen i Troms, med 9 registrerte hendingar og 17 skredtekne personar. Årsaka var ein kombinasjon av fint vêr, mange folk i fjellet og eit ustabilt snødekke der skred kunne løysast ut til og med på avstand.

2.7 Mai: Stabil avslutning på sesongen

I slutten av mai var det lite snø igjen i Sør-Noreg. Snødekket var også stort set stabilt, med unntak av på dei høgaste toppane i Jotunheimen. I Nord-Noreg låg snøen framleis heilt ned til havnivå enkelte stader, men snødekket var i stor grad smelteomdanna og stabilt.


3 Historisk utvikling

Vinteren 2024/25 omkom det 5 personar i snøskred i Noreg (figur 2-1). Dette er ein meir enn året før, men likevel under gjennomsnittet for dei siste 17 åra som er 6,65 omkomne per år.


Sidan vinteren 2014/15 har me registrert tal på skredtekne. Vinteren 2024/25 er det registrert 88 skredtekne. Dette er 4 meir enn året før.

Som me ser av figur 2-2 har det årvisst vore snøskredulykker i samband med skavlbrott og med snøskuterkøyring. Men no har det vore 5 vintrar utan dødsulykker med skuterkøyring, og det har vore 4 vintrar utan dødsulykker med skavlbrott.

Ulykker i samband med ferdsel på ski og snøbrett står no for 56,6 % av alle dødsulykkene. I tillegg til dette kjem skavlbrottulykkene som også folk på ski og til fots er involverte i. Vinteren 2024/25 var 2 av 5 omkomne på ski, 3 var til fots. 1 av dei 3 som var til fots var på isklatreter, men var ferdig med isklatringa då skredet losna.




Figur 3-1 Omkomne i snøskredulykker frå hausten 2008 til sommaren 2025. Registrering av skredtekne starta vinteren 2014/15 og talet inkluderar både omkomne og overlevande. Kjelde: varsom.no




Figur 3-2 Omkomne i snøskredulykker frå hausten 2008 til sommaren 2025, sortert på aktivitet. Kjelde: varsom.no

Viss ein tek vekk sørpeskred og skavlbrott frå oversikta og fokuserer på skred innan dei skredproblema som vert varsla av Snøskredvarslinga vert fordelinga sjåande ut som i figur 3-3



Figur 3-3 Omkomne i snøskredulykker frå hausten 2008 til sommaren 2025 sortert på aktivitet men utan sørpeskred og skavlbrott. Kjelde: varsom.no

Snøskredvarslinga har registrert omkomne frå vinteren 2008/09 og skredtekne frå vinteren 2014/15. Når ein ser på geografisk fordeling av hendingane ser ein at Troms har dei fleste dødsulykkene. Denne vinteren var dei ei dødsulykke i Troms. Den omkomne var ei kvinne som gjekk på ski på ein gamal veg ved Lyngspollen.



Figur 3-4 Figur 2- 4 Omkomne i snøskredulykker frå hausten 2008 til sommaren 2025 sortert på område.

3.1 Omkomne i snøskred etter år 2008

I løpet av 17 år frå hausten 2008 har snøskredvarslinga registrert 113 omkomne i 92 hendingar i snøskred i Noreg. Dette gjev eit årleg snitt på 6,65 omkomne.

Skredproblemet vedvarande svakt lag er skredproblem i dei alle fleste dødsulykkene, i 65% av hendingane med omkomne har me registrert dette som skredproblem. I tillegg er svakt lag og snøskredproblem ukjent i 13% av dødsulykkene. Det kan altså tenkast at Vedvarande svakt lag er skredproblem i så mykje som 78% av alle ulykkene. Dette talet er om lag likt når me ser på alle skredulykker, og når me kun ser på ulykker med folk på ski. Vedvarande svakt lag får me etter det har blitt danna kantkorn eller rim, som oftast under kuldeperiodar. Når slike lag vert dekkja av snø som dannar flak får me eit skredproblem som er svært vanskeleg å handtere.

Slike skredproblem vil også vere til stades i snødekket over lengre tidsperiodar. Viss me samanliknar snøprofilar som vart gravd i Hallingdal og Jotunheimen denne vinteren ser det ut som at det svake laget som gjekk til brot under skredulykka i Hydalen 4. mars 2025 vart danna og fyrst observert allereie 22. januar: <https://regobs.no/registration/410460>

3.2 Skiferdsel og ulykker

Når me fokuserer på dødsulykker i snøskred kun med folk på ski etter 2008 så ser me:

- I 71% av hendingane med omkomne er skredet personutløyst, enten av at folk har vore i bratthenget og løyst ut skred, eller at skredet er personutløyst frå avstand (fjernutløyst). I tillegg er det 12 % der utlørsar er ukjent.
- I 18% av hendingane med omkomne er skredet naturleg utløyst.
- 68 % av dei omkomne har skredutstyr(sendar / mottakar, spade og søkestong).
- I 68% av hendingane er skredproblemet stadfesta vedvarande svakt lag. I tillegg er det i 11% av hendingane ikkje er stadfesta kva som er skredproblem. Det vil sei at det vedvarande svakt lag kan vere skredproblem i så mykje som 79% av hendingane.

3.3 Vinteren 2024/25:

- Var det ingen av dei omkomne som hadde skredutstyr.
- Det var ein omkomen i Troms, alle andre omkomne var i Sør Noreg.
- 2 av dei 5 omkomne var utlendingar, dei 3 andre var nordmenn.
- 3 av dei 5 omkomne var til fots og 2 på ski.

4 Ulykker vinteren 2024/25

Dato	Døde	Involverte	Stad	Kommune	Aktivitet	Skildring
21.2.25	1	2	Gaustatoppen	Tinn	Til fots / Isklatring	2 personar vart tekne i snøskred etter isklatring.
4.3.25	2	2	Hydalen	Hemsedal	Til fots	2 personar vart tekne i snøskred medan dei gjekk til fots.
16.3.25	1	1	Jordalen	Voss	Topptur	1 person vart teken i snøskred medan han køyrde på ski.
18.3.25	1	3	Lyngspollen	Lyngen	Ski på veg	3 personar vart tekne i snøskred medan dei gjekk på ein nedlagt veg.

4.1 Den 21. februar 2025 – Gaustatoppen, Tinn



Figur 4-1 Klatrarane hadde klatra den høgre av dei to kvite områda på bilete. Dei var på veg opp mot horisont då skredet gjekk. Foto: Even Berntsen / NARG

Omkomne	1
Skredtekne	2
Aktivitet	Til fots / Isklatring
Terreng	Brattheng
Terrengfeller	Ja, bratte klipper og oppstikkande tre
Svakt lag	Usikkert. VVSL var varsla i skredvarsel.
Skredstorleik	2, middels stort skred
Redningsutstyr	Nei
KAST klasse	3

4.1.1 Oppsummering

2 isklattrarar vart tekne av snøskred medan dei gjekk i bratt snø etter å ha gjort ferdig den delen av isklattreruta «Gausta marathon» som inneber isklatring. Dei gjekk samanbotne med 10 meter tau mellom kvarandre. Snøen var djup og dei observerte flakdanning på grunn av vind og oppsprekking i snøen rundt dei før dei utløyste eit snøskred som førte begge to nedover. Den eine vart skadd og var delvis begravd. Den andre klatraren omkom. Dårleg vær og krevjande

terreng gjorde at det tok lang tid før redningsmannskap kunne hjelpe, og heile redningsaksjonen tok 17 timar frå varsling til den skadde var ved veg.

4.1.2 Regobs og rapport

- Norsk klatreforbund har skrive rapport om ulykka:
<https://klatring.no/siteassets/dokumenter/sikkerhet/ulykker/gaustamarathon-2.pdf>
- Regobs: <https://regobs.no/registration/415794>

4.1.3 Snøskredvarsel for Vest Telemark 21.2.25

Snøskredvarsel for region Vest-Telemark fredag 21.02.2025

Velg dato



Faregrad 3 - Betydelig snøskredfare

Publisert: 20.02.2025 15:32

Svakt lag av kantkorn/rim finnes under vindtransportert snø. Problemet finnes nå flere steder enn tidligere i uken. Det vil være lett for skiløpere å løse ut flakskred i le-områder. Enkelte naturlig utløste skred kan forventes.

Skredfarevurdering

Snøvær og vind torsdag ettermiddag natt til fredag. Det varslede skreproblemet med svakt lag av kantkorn og rim under folksnø har nå større utbredelse enn tidligere i uken. Den ferskeste utgaven av problemet finnes primært i le-formasjoner i nordlig og østlig sektor over ca. 1000 moh. typisk ved innganger til renner, bak rygger og kanter. Vind og stigende temperatur og regn mot kvelden, vil øke sjansene for skred ytterligere. I de le-områder der innlastingen er kraftigst vil det kunne løse naturlig utløste skred.

Vest i regionen finnes det også kantkornlag dypere i snødekket under et skarelag og over smeltepakken fra januar. Generelt skal det tilleggsbelastning til for å påvirke disse. Men der snødekket er tynt og/eller mykt kan en enkelt skiløper påvirke laget. Varslet vær vil øke sannsynligheten for skred i dette laget.

Skredproblemer

Vedvarende svakt lag (flakskred)

Skred kan løse av seg selv i noen bratte heng. Skred kan bli store nok til å begrave og ta livet av deg (str 2). Fjernutløsning er mulig.

Nedsnødd eller nedføyket overflaterim



Vedvarende svakt lag (flakskred)

Du kan lett løse ut skred i noen få bratte heng. Skred kan bli store nok til å begrave og ta livet av deg (str 2). Fjernutløsning er mulig.

Kantkornet snø under skarelag



4.2 Den 4. Mars 2025 – Hydalen, Hemsedal



Figur 4-2 Skredområdet med inn teikna brotkant. Biletet er teke 12. mars. Foto: Øvre Buskerud Røde Kors skredgruppe.

Omkomne	2
Skredtekne	2
Aktivitet	Til fots
Terreng	Brattheng
Terrengfeller	Ja. Oppstikkande steinar
Svakt lag	Vedvarande svakt lag av kantkorn
Skredstorleik	2, middels stort skred
Redningsutstyr	Nei
KAST klasse	3

4.2.1 Oppsummering

To personar var på ein veker tur i Hydalen. Det var ikkje telefondekning på hytta der dei overnatta så familie hadde ikkje kontakt med dei. Den 4. mars gjekk dei til fots opp ved Trongbyttåne. På veg tilbake vart dei tekne av eit snøskred. Sidan familie visste at dei var utanfor dekning vart dei ikkje meldt sakna før den 9. mars då dei ikkje kom tilbake som avtala.

Det var stor skredaktivitet i fjella i Sør-Norge i tidsrommet 4. – 6. mars på grunn av store nedbørmengder og sterk vind. Det er difor vanskeleg å sei om dette skredet var utløyst av dei omkomne eller om det var eit naturleg utløyst snøskred.

4.2.2 Regobs og rapport

- Rapport frå hendinga og redningsarbeidet:
<https://www.varsom.no/media/l03ie34v/rapport-hydalen-040325.pdf>
- Regobs: <https://regobs.no/registration/419873>
- Vêrhendinga i dagane rundt ulykka oppsummert:
<https://naturhendelser.varsom.no/20250002/oversikt>

4.2.3 Snøskredvarsel for Hallingdal 4.3.25

Snøskredvarsel for region Hallingdal tirsdag 04.03.2025

Velg dato



Faregrad 3 - Betydelig snøskredfare

Publisert: 03.03.2025 15:30

Store naturlig utløste skred

Tørre flakskred kan løsne av seg selv på grunn av nysnø og vind. Skred kan nå infrastruktur på spesielt utsatte steder. Unngå skredterreng.

Skredfarevurdering

Nysnø og vind vil danne fersk og ustabil fokksnø og skred kan løsne av seg selv. I de vestlige delene av regionene som har fått mye snø de siste dagene, kan skredene bli store.

Vær også oppmerksom på at det kan ligge noe rim eller kantkorn som kan utgjøre svake lag nede i snødekket. Dette gjelder alle himmelretninger. Mange steder ligger dette laget nå under så mye bærende fokksnø at det er vanskelig å påvirke, men noen få steder kan det ligge høyere i snødekket og være lett å påvirke for en skiløper.

I lavlandet har mildvær stabilisert snøen.

Skredproblemer

Fokksnø (flakskred)

Skred kan løsne av seg selv i noen få bratte heng. Skred kan bli store nok til å begrave en bil eller ødelegge et lite hus (str 3).

Nedføyket svakt lag med nysnø




Vedvarende svakt lag (flakskred)

Du kan lett løse ut skred i noen få bratte heng. Skred kan bli store nok til å begrave og ta livet av deg (str 2). Fjernutløsning er mulig.

Nedsnødd eller nedføyket kantkornet snø



4.3 Den 16. mars 2025 - Jordalen, Voss



Figur 4-3 Skikøyraren vart teken av skredet høgt oppe i skredbana og vart deretter ført heilt ned til vatnet av skredet. Foto Øystein Henjum / Norsk Luftambulanse

Omkomne	1
Skredtekne	1
Aktivitet	Topptur på ski
Terreng	Brattheng
Terrengfeller	Ja
Svakt lag	Vedvarande svakt lag av kantkorn
Skredstorleik	2, middels stort skred
Redningsutstyr	Nei
KAST klasse	3

4.3.1 Oppsummering

Ein skiløpar var ute på ein lengre skitur åleine. I bratt terreng ned mot Vassbotnvatnet vert han teken av eit snøskred som han mest truleg sjølv utløyser. Han vert begravd i skredmassane. Han var åleine på tur og vart meldt sakna då han ikkje kjem heim til forventa tid.

4.3.2 Regobs og rapport

<https://regobs.no/registration/421674>

4.3.3 Snøskredvarsel for Voss 16.3.25

Snøskredvarsel for region Voss søndag 16.03.2025

Velg dato

**Faregrad 2 - Moderat snøskredfare**
Publisert: 15.03.2025 15:37

Det er områder med svake lag av kantkorn under fokksnø. Vær forsiktig i leområder, særlig i eller nært terrengfeller.

Skredfarevurdering

Fokksnøflak frå noko nedbør og vind laurdag ligg enkelte stader på svake lag av kantkorn.

Det har vore forhold for kantkorndanning i laussnø og på hardare overflate tidlegare i veka. Dette har føyka ned laurdag, og stadvis kan det ha utvikla seg kantkorn også under eldre mjuke flak.

Det vil være lett å løyse ut flak som ligg på slike lag. Det er stort sett avgrensa storleik på flaka etter forholdvis lite ny nedbør, men der flaka er store nok vil skred kunne bli middels store.

Skredproblemer

Vedvarende svakt lag (flakskred)

Du kan lett løse ut skred i noen få bratte heng. Skred kan bli store nok til å begrave og ta livet av deg (str 2). Fjernutløsning er mulig.

Nedsnødd eller nedføyket kantkorntet snø



4.4 Den 18. mars 2025 –Lyngspollen, Lyngen



Figur 4-4 Skredmassar og funnstad i lilla markering. Løsneområde i rosa markering. Foto: Frode Hansen / Lyngen røde kors hjelpekorps.

Omkomne	1
Skredtekne	3
Aktivitet	Ski
Terreng	Veg (stengt for trafikk)
Terrengfeller	Ja, ein skredteken vart ført på fjorden
Svakt lag	Ukjent
Skredstorleik	3, stort skred
Redningsutstyr	Nei
KAST klasse	3

4.4.1 Oppsummering

3 personar gjekk etter kvarandre på den gamle vegen utanfor Pollfjelltunellen. 2 av desse hadde drive med isklating i ein foss, medan den 3 hadde sett på. Eit skred kjem frå fjellsida over dei og alle tre vert tekne. Ein av dei vert ført på fjorden av snømassane og dei to andre vert begravd i snøen. Han som vart ført på fjorden klarar å symje til lands og får varsla om ulykka. Det vert vurdert som farleg å sende redningsmannskap inn i skredområdet på grunn av fare for

fleire skred. Men etter fleire timar klarar ein av dei begravde etter fleire forsøk å ringe til resterande turfølgje som då var på lokal legevakt. Han var også i kontakt med politiets operasjonssentral medan han låg under skredmassane. Ein lavinehund og hundeførar vart då sendt inn i skredet frå båt og markerte eit funn. Redningsmannskap går også i land og graver opp personen som hadde sendt meldinga. Den omkomne vert fyrst henta ut halvanna veke seinare etter eit omfattande arbeid med skredvurderingar og skredsikring av området.

4.4.2 Regobs

<https://regobs.no/registration/421555>

4.4.3 Snøskredvarsel for Lyngen 18.3.25

Snøskredvarsel for region Lyngen tirsdag 18.03.2025

Velg dato



Faregrad 4 - Stor snøskredfare

Publisert: 17.03.2025 13:56

Store naturlig utløste skred

Mye nedbør og kraftig vind vil føre til at store skred løsner av seg selv. Noen steder kan skred nå infrastruktur. Unngå skredterreng.

Skredfarevurdering

Et lavtrykk med mye nedbør og vind vil gjøre at skredfaren øker til stor. Store skred kan løsne av seg selv i mange heng. Særlig utsatt er leiheng der det har vært mye pålagring de siste dager. Svært store skred (str 4.) er lite sannsynlig, men kan ikke utelukkes helt. Ferske fokksnøflak vil være lette å påvirke, særlig mens været står på. Også i tregrensen og i skogen kan det dannes flak.

Fram til ettermiddagen vil det være plussgrader i lavlandet, og under ca 200-300moh kan våte løssnøskred løsne av seg selv.

Skredproblemer

Fokksnø (flakskred)

Skred kan løsne av seg selv i mange bratte heng. Skred kan bli store nok til å begrave en bil eller ødelegge et lite hus (str 3).

Nedføyket svakt lag med nysnø



Våt snø (løssnøskred)

Skred kan løsne av seg selv i noen bratte heng. Skred kan bli store nok til å begrave og ta livet av deg (str 2).

Ubunden snø



5 Oppsummering

5.1 Ikkje redningsutstyr

Ingen av dei omkomne denne vinteren brukte skredsøkar (Sendar / mottakar) då dei vart tekne av snøskredet. Snøskredvarslinga tilrår at alle som ferdast i snøskredterreng brukar tryggleiksutstyr som skredsøkar og har med seg spade og søkestong for kameratredning. Også når ein er åleine vil søkeutstyr gjere redningsaksjonen raskare og dermed også tryggare for redningsmannskapet.

5.2 Langvarig redningsaksjon

I alle hendingane denne vinteren har det teke lang tid frå skredet gjekk til dei skredtekne har vore funnet og transportert til veg. Det har vore snakk om både timar og dagar. Dårleg vêr, sein varsling og det at ikkje dei skredtekne brukte skredsøkar var faktorar som gjorde at det tok lang tid frå skredet gjekk og fram til dei skredtekne var henta ut av skredet. At det tek lang tid med varsling når ein er åleine på tur eller alle i gruppa vert begravd i snøskredet er vanskeleg å gjere noko med. Men alle som ferdast i fjellet må vere førebudde på at dei kan kome i ein situasjon der dei vert skadd og må klare seg lenge åleine før dei får hjelp. Ha alltid med godt med varme klede og vindsekk.

5.3 Lang overlevingstid

I den eine redningsaksjonen vart ein overlevande graven fram etter 7 timar. Dette viser at sjølv om det nokon gonger kan ta lang tid før redningsmannskap er på plassen så kan det likevel vere håp om å finne overlevande.

5.4 Flest ulykker, men minst snø i sør

Vinteren 2024/25 var snøfattig i store delar av Sør-Noreg. Nord-Noreg, særleg Troms og Finnmark, hadde ein god snøvinter med gode tilhøve for skiturar. Likevel var det 4 som omkom i Sør-Noreg, og 1 i Nord-Noreg.

Dette skil seg frå mønsteret me har sett over dei siste 17 åra der dei fleste omkomne har vore i Troms og Nordland.

5.5 Kor mykje skal det til før eit skred går?

Ein av faktorene som vert vurdert når det vert utarbeida snøskredvarsel er kor lett det er å løyse ut snøskred. Dette vert kalla utløysbarheit i snøskredvarselet. Utløysbarheita, utbreiinga av utløysbarheita i terrenget og venta storleik på snøskred gjev til saman ein faregrad. Når ein ferdast i snøskredterreng bør ein vere merksam på alle desse faktorene og ikkje berre faregraden.

Vinteren 2024/25 var det varsla fare for naturleg utløyste skred som hovudskredproblem tre av dagane og at det var venta å vere lett å løyse ut snøskred den fjerde dagen det var ulykker.

5.6 Kor store skred er farleg?

4 av 5 omkom i middels store skred (skredstorleik 2) og den siste i skredstorleik 3. Skredstorleikane går frå 1 til 5, og ein kan enkelt sei at dess større venta skredstorleik dess høgare faregrad. Ein lyt difor hugse at også middels store skred og lågare faregradar kan være farlege om ein er på tur i skredfarleg terreng. Ein lyt altså både vere merksam på kor lett det er å løyse ut skred, og kor store skreda kan bli.

5.7 Terreng og aktivitet

Folk på topptur på ski har stått for ein stor del av snøskredulykkene her til lands. Denne vinteren var det berre ein av dei omkomne som var på topptur på ski. Ein lyt hugse at det er terrenget ein ferdast i og ikkje aktiviteten ein held på med som avgjer om ein utset seg for snøskredfare eller ikkje. I Varsom-appen kan ein sjå kart over snøskredterreng.

5.8 Nordmenn eller utlendingar?

Utanlandske turistar på topptur i Troms har fått mykje fokus i samband med skredulykker. Det har blitt i gangsett mykje gode tiltak for å informere om snøskredfare og snøskredvarsel i Troms dei seinare åra. Denne vinteren var det 2 utlendingar og 3 nordmenn som omkom i snøskred. Ein av dei omkomne var i Troms. Dei 4 andre var i sør Norge.

5.9 Lite informasjon om hendingane

Etter ulykker der den skredtekne var åleine på tur, eller når alle i gruppa vert tekne vil det vere vanskeleg å samle informasjon om kva som egentleg skjedde, og kva vurderingar som vart gjort i forkant av hendinga. For at ein skal klare å lære noko av skredulykker er det viktig at alle som er utsatt for ei ulykke deler informasjon om dette. Ei ulykke utan omkomne eller hardt skadde kan gje betre læring enn skred som førte til dødsfall. Ein kan dele informasjon på regobs.no eller i Varsom-appen. Der kan ein også sende inn informasjon anonymt. Ta gjerne kontakt med Snøskredvarslinga i NVE for å få hjelp til å registrere ei hending eller les om dette på snøskredskulen: <https://www.varsom.no/snoskred/snoskredskolen/del-informasjon/>. Snøskredvarslinga er heilt avhengig av bidrag frå frivillege for å kunne samle informasjon om ulykker.

Vedlegg

Vedlegg 1 Klassifisering av snøskredterreng (KAST)

KAST står for klassifisering av snøskredterreng. Denne terrengklassifiseringa vart oppdatert vinteren 2023 / 24. Ei av endringane var at det vart innført ein terrengklasse 4 for ekstremt terreng. Når det gjeld KAST-klasse så er dette ein klassifisering som ikkje passar heilt til å bedømme eit enkelt skredheng, faktorane er meint å gje eit inntrykk av kompleksiteten over eit større areal. Me har likevel prøvd å bruke metoden får å gje eit inntrykk av terrenget i området som hadde innverknad på skredutløysinga i henget. Alle vurderingane er gjort ut frå topografiske kart, hellingskart, bilete og lokalkjennskap. Les meir om terrengklassar på skredskulen:

<https://varsom.no/snoskredskolen/skredterreng/kast-klassifisering-av-snoskredterreng/kast-terrengklasser/>

Vedlegg 2 Snøskredproblem

Skredvarslinga varslar 7 forskjellige skredproblem. Desse er:

- Nysnø – flakskred
- Nysnø – laussnøskred
- Fokksnø – flakskred
- Vedvarande svakt lag – flakskred
- Våt snø – flakskred
- Våt snø – laussnøskred
- Glideskred – flakskred

Skredproblema er dei same for alle europeiske skredvarslingstenestar. Ein kan lese detaljerte forklaringar om skredproblem på snøskredskulen:

<https://www.varsom.no/snoskredskolen/snoskredproblemer/>



NVE

Norges vassdrags- og energidirektorat

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo
Telefon: (+47) 22 95 95 95